



Cassandra Johansen og Arne Økland

5993 Ostereidet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1608 - 19/38799

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

19.12.2019

Ferdigattest einebustad - gbnr 233/156 Eide indre

Administrativt vedtak. Saknr: 807/19

Tiltakshavar: Cassandra Johansen og Arne Økland

Ansvarleg søkjar: Kålås & Sønn Byggevarehandel AS v/Oddbjørn Hindenes

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 10.03.2014. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.12.2019.

Skildring

Adresse:	Dyrhovden 30
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	300474211
Bruksareal:	212m ²
Avlaup:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad på gbnr 233/156.

Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1608

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stein Arve Løvik

Mottakarar:

Cassandra Johansen og Arne Økland
Kålås & Sønn Byggevarehandel AS
v/Oddbjørn Hindenes